

# YVONNE





Originaltittel: YVONNE, PRINCESS DE BOURGOGNE

Forlag: TEATER & MUSIK, Cecilia Önfelt

Foto: Fin Serck-Hanssen

Bilda er tatt i prøvetida

Programredaksjon: Cilla Back, Cecilia Ölveczky,

Åsne Dahl Torp og Ida Michaelsen

Grafisk formgjevar: Knut-Jarle Hvitmyhr

Trykk: Merkur-Trykk AS

## YVONNE

Av: Witold Gombrowicz

Omsett frå polsk av: Knut Andreas Grimstad

Omarbeidd av: Cilla Back

Regi: Cilla Back

Scenografi: Francesco Calcagnini

Kostymedesign: Cilla Back

Lysdesign: Marianne Thallaug Wedset

Lyddesign: Cilla Back

Dramaturg: Cecilia Ölveczky

Yvonne: Ingrid Bolsø Berdal

Kong Ignacy: Jon Eikemo

Dronning Margareta: Ingrid Jørgensen Dragland

Prins Filip, tronarving: Torbjørn Eriksen

Kammerherren: Ståle Bjørnhaug

Iza, hoffdame: Ellen Dorrit Petersen

Cyprian / Inocenty: Morten Espeland

Cyryl: Thomas Bye

Yvones tanter / hoffdamer: Wenche Elena Medbøe, Ulrikke Greve

Walenty: Dag Christian Klevås Rye

Inspisient: Victoria Aase

Maske/parykkdesign: Ingun Ihler Wagner

Lyd: Igor Zamarajev

Lysmeistrar: Pelle Dengsø/Ole Randers

Tolk: Kristin Gjerpe / Hilde Nyeggen Martinsen


Suffli og tekstarbeid: Hilde Nyeggen Martinsen

Rekvisitør: Finn Kirkebø

Scenekoordinatorar: Birger Kingsrød / Karl Otto Tangen

Kostymekoordinator: Tove Svartsund / Anette Hellenes

Premiere 25. januar 2008 på Scene 2



## MANNEN UTAN EIGENSKAPAR

Av Bendik Wold

Kven var Witold Gombrowicz?

I dagbøkene sine fortel han om eit opphald som rekonvalesent i Tandil, ein avsidesliggjande by sør i Argentina. Kort tid etter framkomsten får han for seg at han skal verte betre kjend med dei innfødde. Men i staden for å oppsøkje ein kafé eller eit grønsakstorg, slik dei fleste andre ville ha gjort, bankar han på hos redaktøren i lokalavisa og spør: Finst det nokon intelligent person i Tandil som det er bryet verd å innlate seg med? Redaktøren vert sjølvsagt djupt fornærma, men tipsar nykomaren om ei handfull forfattarar og kunstnarar han kan kontakte. Berre eit par dagar seinare føler Gombrowicz seg klar til å gjere opp status: «I Tandil er eg den fremste! Ingen er min likemann! Dei er sytti tusen – sytti tusen som er uslare enn meg ... Eg ber hovudet mitt som ei lykt.»

Så kven var Witold Gombrowicz?

Ingeborg Bachmann har formidla eit litt anna bilete av den polske emigrantforfattaren. Ho møtte Gombrowicz i Berlin våren 1963, då dei begge budde der på stipend frå Ford Foundation. «Han var eit av dei mest einsame menneska eg har møtt,» skriv Bachmann, «han var fullstendig forlaten av alt, av Polen, av Argentina, av Berlin.» Sjølv om han visseleg kunne setje ein støkk i folk med stoltheitå og faktene sine, opplevde ho han alltid som uhyre diskret, uhyre audmjuk – «med eit stort hjarte».

Eg spør igjen: Kven var Witold Gombrowicz? Likna han mest på seg sjølv i Berlin eller i Tandil? Var det Ingeborg Bachmann eller den argentinske avisredaktøren som fekk sjå det verkelege andletet hans?

Hovudpersonen sjølv ville truleg ha avfeia spørsmålet med ei irritert handrørsle. Toskeskap! Irrelevant problemstilling! For kva er eigentleg «personlegdom»? Kva er «identitet»? Heile forfattarskapen

til Gombrowicz kan lesast som eit rungande veto mot ideen om at subjektet er forankra i seg sjølv, fritt og autonomt – altså det menneskesynet som har dominert filosofien frå Descartes og frametter. Sanninga er snarare at vi vert skapt utanfrå, i møte med artsfrendane våre, og at det ibsenske kravet om å «vere fullt og helt, ikkje stykkevis og delt» difor leier oss på villspor. Mennesket er, med Gombrowicz sine eigne ord, «ein evig skodespelar, men ein naturleg ein, ettersom det kunstige er medfødd hos henne, det utgjør eit drag i menneskelegdomen hennar».

Tanken er sjølvstykke ikkje ny. Allereie 350 år tidlegare lufta Shakespeare liknande tankar i *As You Like It* («All the world's a stage, and all the men and women merely players ...»). Men Gombrowicz destillerer poenget og høgjer det til ontologi, til ei generell lære om tilveret: Verda er ingen sum av substansar, men ei samling relasjonar. Denne erkjenninga må igjen få konsekvensar for den seinmoderne kunsten. Når tanken om «personlegdom» fell, må den psykologisk-realistiske litteraturen vike for ein rollelitteratur – ein litteratur som ikkje borar i djupna, *vertikalt*, men som leiter etter mening i det uendelege nettverket av samanhengar mellom menneske og ting, *horisontalt*.

Gombrowicz skreiv ein gong om seg sjølv, symptomatisk: «Eg, Gombrowicz (uklårt er innhaldet i dette ordet)». Kjensla av å vere utan fasttømra identitet vart nok forsterka av eit særst vanskeleg forhold til både klasse og nasjon. Witold Gombrowicz kom til verda som yngste son i ein fornem polsk familie i 1904, men starta tidleg flukta frå adelskapet: Etter nokre år på universitetet la han bort ein mogleg juridisk karriere til fordel for eit utsvevande liv blant bohemar og intellektuelle i Warszawa. Det resulterte i novellesamlinga *Minne frå mogningas tid* som kom i 1933 (seinare gjenutgjeve i utvida utgåve under nonsens-tittelen *Bakakaj*). Før Gombrowicz forlét Europa med den polske kryssaren «Chobry» i 1939, hadde han rukke å skaffe seg eit namn blant kafé-gjengarar i hovudstaden med skodespelet *Yvonne* og ikkje minst *Ferdydurke* – romanen om ein intellektuell 30-årig som vert «forminska»

av ein manipulerande professor som eksaminerer ham i barneskulepensum.

Ferda med «Chobry» gjekk over Atlanteren, og Gombrowicz hadde eigentleg returbillett. Men like etter landgang i Buenos Aires kom meldinga om at Polen var okkupert av Hitler-Tyskland, og såleis vart han buande i Argentina i 24 år, i eit meir eller mindre ufriviljug eksil. Det var her han innleidde den legendariske *Dagboka*, som det fortløpande vart trykt utdrag frå i tidsskriftet *Kultura* i Paris. Mellom tårnane som bankmann skreiv han også på romanen *Trans-Atlantyc*, eit bitande oppgjær med nasjonalismen i det polske eksilmiljøet, samt romanen *Forføringa* og skodespela *Vigselen* og *Operette*.

Då Gombrowicz omsider vendte nasen mot Europa i 1963, etter det ryktet seier med orda «Ta livet av [Jorge Luis] Borges, muchachos!» som ei siste helsing over rekka, kunne han setje opp dette regnestykket: Polen 9490 dagar, Argentina 8395 dagar. Stort fleire døgn i heimlandet vart det heller ikkje. Saman med sin unge sekretær og seinare kone Rita Labrosse slo han seg ned i sørfranske Vence, og nådde der å skrive ferdig romanen *Kosmos* og oppleve eit slags internasjonalt gjennombrøt – han var ei stund på tale til Nobelprisen – før han døydde av astmarelatererte problem i 1969.

Karakteristisk for forfattarskapen er sansen for det skitne, det umogne, det «låge», som tidleg fekk Gombrowicz til å nærme seg populærlitteraturen. Etter to brente manuskript fekk han sving på sakene i romanen *Dei besette*, publisert som føljetong i to polske aviser like før krigsutbrotet – ei spøkeshistorie komplett med gale hertugar, uvurderlege kunstsattar, spiritistiske seansar, tennisromansar (!) og det heile. Heller ikkje er Gombrowicz redd for låtten: Som humorist står han ikkje mykje tilbake for franske kollegaer som Alfred Jarry, Boris Vian og Raymond Queneau. Men det som skil polakken frå desse viltre surrealistane, er sansen for systematisk tenking, for filosofiske «eksempel». Fleire av bøkene hans har karakter av eksistensialistiske lærestykke, endå dei aldri vert didaktiske i den negative tydinga av







ordet. Til dømes unslår han seg ikkje for å inkludere essay i romanane sine, men då er det snakk om «spesifikt romanforma essaykunst», for å låne eit omgrep av Milan Kundera – essay som «ikkje kan tenkjast utanfor romanen».

Då skandinaviske forfattarar oppdaga Gombrowicz midt på 1960-talet, var det denne «alvorlege» sida av han dei fall for: ikkje bajasen, men pedagogen. Sommaren 1968 skreiv Dag Solstad det introduserande essayet «Nødvendigheten av å leve inautentisk», der han tolka forfattarskapen som eit program for individuell frigjering gjennom rollemedvit, innsikt, manipulasjon. Det seier litt om synkroniseringa av det nordiske tankelivet at Hans-Jørgen Nielsen, dansk poet og essayist, allereie same haust lanserte «attityderelativisme» som merkelapp på den nye identitetstenkinga: «Jeg er ikke mere jeg, men en hel række jeger», skreiv Nielsen bombastisk. «Jeget er et rollespektrum, og individualismen afløses således af en *attituderelativisme*, hvorefter mennesket ikke mere defineres i dets unikke individualitet, men ved dets socialitet.»

Denne livsoppfatninga vart heilt sentral for miljøet rundt det norske studenttidsskriftet Profil. Espen Haavardsholm og Dag Solstad var dei som gjekk lengst i å omsette dei nye innsiktene i skjønnlitteratur, framfor alt med romanane *Munnene* (1968) og *Irr! Grønt!* (1969). Men attityderelativismen spreidde seg òg raskt utanfor den inste Profil-krinsen – både romanen *Omgivelser* (1969) av Kjell Askildsen og dei tre diktsamlingane til Kjell Heggelund (1966–67–68) har spelteorien som filosofisk bakteppe.

Solstad har i ettertid uttalt han «gjorde seg ferdig» med Gombrowicz i romanen *Irr! Grønt!*. Han hadde forsøkt å skrive ei optimistisk bok om frigjering gjennom rollespel, men innsåg undervegs at strategien var forfeila. Dessutan gjekk han inn i ml-rørsla berre eitt år seinare, og «Gombrowicz har lite å tilby ein som skal forsøke å nærme seg arbeidarklassen».

Ja, er det no egentlig slik? Nokon marxist var polakken sant nok ikkje, men det er for enkelt å avfeie han som «borgarleg individu-

alist», for å bruke eit nærliggjande ml-skjellsord. Gombrowicz hevder aldri at ein kan frigjere seg sjølv ved å sjå på verda med eit nytt blikk, ved å verte «spelar». Det ein i høgda kan oppnå, er ei slags forsoning – ei forsoning med at relasjonar til andre menneske trass alt er naudsynte, fordi alternativet er så mykje verre. Når konvensjonane bryt saman, ramlar vi ned i ein svart avgrunn av meningsløyse, bortanfor tinga, bortanfor kvardagen, bortanfor alle symbolske haldepunkt. Vi kan dra oss opp etter håret og bygge ei ny verd på ruinane av den gamle, men dei naive og uskyldsreine relasjonane er tapt for alltid. Det vi har å halde oss til no er ei splitta verd, ei verd som uunngåeleg er «unaturleg», fleirtydig, ei verd av senka blikk og sveitte handflater.

«Helvete er andre menneske», hevda Jean-Paul Sartre. Som den polske kritikaren Michal Pawel Markowski viser i boka *Svart straum*, er konklusjonen til Gombrowicz den stikk motsette: Helvete er *fråveret* av andre menneske. Helvete er det reine medvitet, det nakne livet, det som bare «er», tagalt og innestengt i seg sjølv, det som ikkje «eksisterer» i ein sosial samanheng – meningslaust, ubegripeleg, ein «svart straum», sjølve Kosmos.

Gombrowicz ender altså, paradoksalt, med å omfamne sjølve kvardagslivet. Berre her finst nåde. Berre her finst lindring for den eksistensielle smerta. Denne lindringa er slett ikkje fullgod, men alternativet er den nakne eksistensen under himmelkvelvinga – opphevinga av all meining, all etikk, for så vidt òg all estetikk.

Så kan ein spørje, i lys av dette: Kva med Yvonne, hovudperson i det stykket som no er sett opp ved Det Norske Teatret? Er ho god eller vond? Er ho martyr eller djevel? Ja, kven er ho eigentleg, denne landsens jenta som skaper slik oppstand ved hoffet i Burgund?

Men igjen: Kvifor «kven»? Kvifor «eigentleg»? Har Gombrowicz enno ikkje lært oss noko som helst? Spenn sikkerheits-selane og heng med på ein ny runde i den eksistensielle karusellen!

\*\*\*

Bendik Wold (f. 1979) er bokredaktør i *Klassekampen*.



## CILLA BACK

er utdanna innan scenografi frå Istituto Europeo d'Arti Operative og innan regi frå Scuola del Piccolo Teatro i Italia, i tillegg til at ho har studert klassisk ballett og moderne dans i Finland. Ho debuterte som regissør med *Fröken Julie* av Strindberg på Teatro Verdi i Milano i 1996. Sidan den gongen har ho vore regissør, scenograf og kostymedesignar ved ei rekkje framsyningar i Europa, mellom anna ved Teatro Dell'Arte i Italia, Theater tri-bühne i Tyskland og Suomen Kansallisteatteri i Finland. I 2007 vart ho tilkjend eit femårig statleg kunstnarstipend frå finske styresmakter.

## FRANCESCO CALCAGNINI

har utdanning innan scenografi frå kunstakademiet i Urbino, Italia. I dag arbeider han både som scenograf og regissør for teater, opera og ballett. I tillegg underviser han i scenografi på kunstakademiet i Sassari og Urbino. Han har tidlegare samarbeidd med regissørar som Lorenza Codignola, Raffaella Giordano, Giorgio Rossi, Pino Micol, Federico Tiezzi, Gabriele Vacis, Antonio Calenda, Dario Fo, Emilio Sagi and Luca Ronconi.

## WITOLD GOMBROWICZ

1904 – 1969



- Er i dag rekna mellom dei fremste forfattarane og dramatistarane i Europa, og er ofte omtalt som mannen som avfyrte startskotet for absurdismen.
- Voks opp i ein velstående familie i Polen.
- Studerte jus og fransk litteratur ved universitetet i Warszawa. Studietida var prega av eit livsnytarisk tilvere, og han involverte seg sterkt i hovudstadens kulturelle og sosiale liv.
- Forfattardebuten hans i 1933, novellesamlinga *Memoirs Of A Time Of Immaturity*, blei ikkje spesielt godt mottatt i samtida.
- Med *Ferdydurke* i 1937 opplevde han for første gong suksess. Romanen har seinare blitt ståande som ein kultroman, og var ei viktig kjelde til inspirasjon for sekstiåttargenerasjonen.
- Diktinga hans er karakterisert av ein djup psykologisk analyse og sans for paradoks.
- Tema han var oppteken av, var mellom anna problem knytt til umogenskap og ungdom, identitetsskaping i samhandling med andre, og ei ironisk undersøking av klasseskilja i den polske kulturen og samfunnet.



*Vil du vite kven du er? Ikkje spør. Lev.*

Witold Gombrowicz



Depotbiblioteket

Yvonne



08sd08677